

# **FOLKEHELSE OG NÆRMILJØKVALITETER – PROSJEKTPLAN**

## **1. PROSJEKTTITTEL**

### **Folkehelsearena, Skogsvåg skule**

## **2. BAKGRUNN**

Der er fleire område i vår kartlegging som kan vere tema for utvikling knytt til prosjektet sitt tema. Vi har valgt å ta utgangspunkt i utedamiljøet vårt. Dette vil ha positiv effekt på heile Skogsvåg skule og nærmiljøet. Det er anbefalt at kvar elev er fysisk aktiv i 20 minutt kvar dag på SFO. Vidare skal vår SFO legge tilrette for allsidig sansemotorisk aktivitet. Skulen sitt uteområde er allsidig, men manglar tilrettelegging innan fleire ulike sansemotoriske aktivitetar. Organiseringa i SFO legg tilrette for frie aktivitetar. Det er dermed ikkje alle barn som sjølv med dagens tilrettelegging har fysisk aktivitet, med auka puls i minst 20 minutt kvar dag.

## **3. MÅL:**

### Hovudmål

Utvikle ein arena som legg til rette for allsidig aktivitet i og utanfor skule/SFO – tid.

### Delmål

- Fremja god fysisk, psykisk og sosial utvikling hos barna.
- Utbetre i og rundt Leikeskogen og legge tilrette for eit godt nærmiljø med møteplass for ulike grupper, lag og organisasjonar.
- Lage til eit uteområde som eignar seg til å lage sunn, kreativ og god mat utandørs. Fremja godt og sunt kosthald.

## **4. MOGLEGE TILTAK OG KORT VURDERING AV DESSE**

### -Organisere alle barna i leikaktivitetar kvar dag.

For å nå målet om fysisk aktivitet for alle, er dette hensiktsmessig. Samtidig står det i motsetning til å vere ein fri aktivitet som barna ønskjer. Dette er utfordrande med omsyn på at mange barn allereie har ønska fysisk aktivitet, og at det er ei mindre gruppe som treng ekstra motivasjon for å oppnå målet.

### -Byggje naturklatrejungel i skog.

Dette vil skape motivasjon til fysisk aktiv leik for ei stor gruppe elevar. Ved å la klatrejungelen vere allsidig med tanke på vanskegrad, vil alle kunne oppleve meistring på sitt nivå.

### -Sykkelløype i skog

Dette vil motivere dei eldste elevane på SFO og skulen.

Områda vi har tilgjengeleg er ikkje lett å omskape til ei sykkelløype, men ved hjelp av oppgradering av stien trur vi det vil vere mogleg.

-Bålpass for variert matlagning.

Legge til rette for eit godt og skjerma bål-/matområde med plass til bålpanne og steinovn.

-Rulleskøytebane. Denne banen vil også kunne fungere som sykkelbane. Vi ser på dette som eit tilbod for dei eldste barna i SFO.

-Skatebane. Dette vil gjerne kome på eit seinare tidspunkt og vil vere nokså kostbart.

-Tursti til Storaskjenet. som vi ynskjer skal vere ein del av kystpasset i kommunen. Dette vil avhenge av hjelp frå turlaget.

## VALG AV TILTAK

-Sti til Leikeskogen. Vi vil utbetre gamal, därleg sti som går til området Leikeskogen. Dette blir gjort ved drenering, legge duk og gruse stien. I tillegg vil vi lage tre bruer og trapp i tre. Dette vil gje betre tilkomst til leikeområde i skog.

-Sykkelsti. Turstien vil etter utbetringa kunne brukast til terrengsykling.

-Bålpass. Vi vil lage benker rundt ein bålpass som gjev rom for matlagning. Her vil vi ha ei bålpanne som vi kan koke og steike på. I tillegg vil vi lage ein steinovn for steiking av mat.

-Naturklatrejungel. I leikeskogen vil vi lage moglegheit til å klatre i tre og mellom tre ved hjelp av tauverk, garn/not ol. Dette vil skje over eit stort skogområde.

-Rulleskøytebane. Ved å ta i bruk ein allereie asfaltert plass på skulen sitt uteområde, vil vi merke opp bane/vegar med og utan hindringar (kjegler). Denne banen vil også kunne fungere som sykkelbane. Vi ser på dette som eit tilbod for dei eldste barna i SFO.

-Lage ny sti til Storeskjenet. Vi skal merke og lage sti. Turlaget vil gjerne ha den med i kystpasset for 2014. Vi brukar gps og merkar løype.

## 5. DETTE VIL STØTTE OPP UNDER TILTAKET

### a. Personfaktorar

Vi har kompetanse på huset til å planlegge og bygge store deler av eit slikt tiltak.

Stor motivasjon i og utanfor skulen til å utvikle nytt uteleikeområde.

Sotra vidaregåande skule har eiga bygglinje, som er motivert for å delta i planlegging og utbygging av området.

Foreldre med kompetanse og ressursar på bygg og anlegg.

Stor drivkraft og pågangsmot i prosjektgruppa på skulen/SFO.

b. Sosiale faktorar

Eit slikt tiltak vil skape auka aktivitet og interesser også blant dei vaksne i SFO.

Tiltaket vil også ha svært positiv effekt på lag og organisasjoner i bygda. Knytta bånd og samarbeid på tvers av interesser og lag/organisasjonar/skule. Eit viktig nærmiljøtiltak!

c. Fysiske og strukturelle faktorar

Skogsområdet som er tenkt utbygga, ligg i umiddelbar nærleik til skulen. Med berre mindre tilrettelegging vil området verte ein naturleg del av eit nytt uteområde for skulen. Skulen skal også byggast ut og vil ha behov for auke uteområde.

## **6. DETTE VIL KUNNE VERE HINDRINGAR FOR GJENNOMFØRING AV TILTAKET**

-Nokre av dei vaksne vil vegre seg for å engasjere seg i å ta barn ut i eit slikt område, dei må utanfor si eiga komfortsone.

-Budsjettet. Dette prosjektet vil ha høge kostnader for SFO og skulen.

## **7. KVA FOR EIN KOMPETANSE TRENG VI OG KORLEIS SKAFFER VI OSS DEN?**

-Vi samarbeider med Sotra vidaregåande skule om utbygging av området. Dei har kompetanse på konstruksjon, planlegging og gjennomføring av bygging av bruer, trapp og benkar inne i lavvo. Dette vil vere ein del av utdanninga på bygglinja og såleis god praktisk erfaring for elevane der.

-Vi treng kompetanse på drenering, grøfting og gruslegging med ulike massar. Vi har skaffa oss kompetanse ved hjelp av anleggsgartnar og entreprenør. Dei har vore på synfaring og rettleiar i arbeidet undervegs.

-Sund kommune har eit eige turlag (Sund turlag). Dei har nettopp starta barnas turlag. Turlaget har god kompetanse på merking og utarbeiding av sti. Det er ønskjeleg å gjere området vårt til ein arena som kan verte nytta på kveldstid og helgetid for heile bygda. Denne gruppa kan vere ein god ressurs i planlegginga og i «spreiinga» av området vårt.

## **8. KVA OG KVEN I NÆRMILJØET VIL BIDREG TIL AT VI LUKKAST MED TILTAKET?**

Skogsvåg skule og SFO.

FAU ved skulen.

Sotra vidaregåande skule

Sund Turlag

Barnas Turlag

Barnas raude kross, Sund

Skogsvåg kvinne- og familielag

Sauafjellet FUS barnehage

Skogsvåg idrettslag

Skogsvåg ungdomslag

Grunneigarar

## 9. DETTE VIL VI GJERE.

1. Inngå samarbeid med ulike partar	Vår 2014	Prosjektgruppe
2. Lage skisse av tenkt uteområde	Vår 2014	Prosjektgruppe
3. Få løyve til å bruke området	Vår 2014	Prosjektgruppe
4. Info i kollegiet, elevar, føresette	Vår 2014	Prosjektgruppe
5. Utbygging	Vår/haust 2014	Lag/organisasjonar Sotra vgs, skulen
6. Opning av uteområdet	Haust 2014	Prosjektgruppe/alle

## 10. BUDSJETT.

Prosjektgruppa vil gjennom våren bruke tid på å utarbeide plan for området  
Heile personalet og elevane skal informerast om arbeidet og kome med idear/innspel.  
Innkjøp av materiell og leikeinstallasjonar  
Grunnarbeid  
Innsats frå Sotra vgs.

Sjå prosjektsøknaden.

## 11. EVALUERING

-Prosjektgruppa vil undervegs vurdere framdrifta etter planen over.  
-Personalet og elevane vil delta i evaluering i høve til om dei ulike grupper er nådd.  
(Føresette, elever)  
-Sund kommune ved kontrollgruppa; Laila Klemetsaune og Britt Tove Skaga.

## 12. SPREIING

Dette skal undervegs spreiaast i personalet, elevar, foreldregruppa, lag og organisasjonar som deltek i prosjektet.

Vi skal rapportere og informere kontrollgruppa ved kommunen.  
Informasjon på heimesida til skulen.  
Innslag i lokalavisa Vestnytt.  
Arrangement i Leikeskogen i regi av skulen.

Venleg helsing

Prosjektgruppa ved Skogsvåg skule  
Monica T Forland, Åsgeir Litlere, Torbjørg Bakke og Bente Helen Sangolt.